



**DET
NORSKE
TEATRET**

Nasjonalt
bibliotek
Depotbibliotek

FOTO Dag Jønsen
GRAFISK FORMGIVNING Making Waves
TRYKKERI Print House

SENSURERT

AV **KIM ATLE HANSEN**

Vinnar av Dramatikerforbundets scenekunststipend
i samband med Grunnlovjubileet

Med

ESPEN REBOLI BJERKE

BIRGITTE LARSEN

EIVIN NILSEN SALTHE

KIKKI STORMO

ODDGEIR THUNE

Regissør **KAI JOHNSEN**

Dramaturg **OLA E. BØ**

Inspisient **HEDDA HAALAND**

Kostymekoordinator **SARA ENGSTRÖM**

Rekvisittkoordinator **ÅSE-BERIT LITLESKARE**

Sceneansvarlege **PELLE DENGSO / TRYGGVE ILDAHL**

URPREMIERE 20. NOVEMBER 2014 PÅ SCENE 3

FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)

Bruk emneknagg [#detnorsketeatret](#) for å dele dine opplevingar
hos oss på Instagram og Twitter.

OM SENSURERT

Kim Atle Hansen

I dag er Dan Park i fengsel, Lars Vilks lever med konstant politivern og Peter Handke sa frå seg prispengane. Ytringsfridom er noko me ikkje er samde om kor mykje me vil ha av (Om ein kan ha meir eller mindre). Eg er ikkje sikker sjølv, det var derfor det var interessant å skriva eit stykke om det for å utfordra dei ulike oppfatningane. Det at noko er sensurert betyr ikkje at det er forbode i det offentlege, det betyr strengt tatt berre at det har vore gjennom ein sensur. Ein kontroll. Ei vurdering. (Sensur, sensor, sansa, sans...) Nokon har blitt gjeve eit mandat til å kontrollera om noko er skadeleg eller ikkje. Den teksten du får høyra på scena, og den teksten du les her er sensurert. Nokon har kontrollert. Nokon passar på kva du får høyra og lesa.

For å ta stykket *Sensurert* – det har først vore gjennom ein sjølvsensur der eg på førehand forsøkte å føreseia kva reaksjonane på det eg skreiv kom til å vera og luka ut det som ville slå uheldig tilbake på teksten eller meg sjølv. Så blei den sendt til teateret der ei lang rekke menneske har lese og vurdert og kontrollert. Heldigvis, etter mykje diskusjon, kom dei fram til at denne teksten var grei å spela. Den var godkjent for offentlegheita. Så jobba regissør og skodespelarar med teksten. Dei har stroke ein del tekst, ikkje fordi dei er ueinige i det som står, men fordi dei prøvde å ta bort det minst vesentlege for at ikkje framsyninga skulle bli lang og keisam. Det er likevel sensur. Så skal kritikarane skriva om framsyninga og vurdere og på sin måte styra korleis offentlegheita oppfattar ho.

No er stykket blitt ei framsyning. No er teksten komen fram. Det som kjem ut er noko eg absolutt kan stå inne for, og det er eg glad for. Eg kan sensurera sepsuren. Eg kan ikkje skriva dette utan å takka Kai Johnsen for å ha drege prosjektet gjennom kontroversen og fram til realisering, og Erik Ulfsby for å ha trudd på prosjektet frå starten.

Det var Dramatikarforbundet sitt forslag å skriva om ytringsfridom, det er viktig å få fram. Hensikta var å knyta dramatikarar og teatra saman gjennom den politisk pålagde grunnlovsmarkeringa. Det virka. Eg fekk stipend, teatret fekk ein tekst og staten fekk fokus på grunnlova. Vinn-vinn-vinn. No trur eg du har den infoen du treng for å sjølv vurdere framsyninga og sensurera for deg sjølv ved å velja kva for meiningar du vil vera einig i og kva for meiningar du vil ta avstand frå. God fornøyelse.